



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Melding om oppstart av forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Statsforvaltaren i Vestland kunngjer med dette at vi startar arbeidet med ein forvaltningsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i kommunane Alver og Austrheim.

Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald. Mellom anna er det spesielle førekomstar av den djuptlevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, samt ei eiga sildestamme i verneområdet. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking. Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

### Formål med forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen skal være eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremme verneføremålet. Den skal samtidig sikre ei heilskapleg forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningsliner om bruk, informasjon, skjøtsel, eventuell tilrettelegging osv. Gjennom prosessen med utarbeiding av forvaltningsplan skal vi kunne avklare og ta stilling til korleis ulike verne- og brukarinteresser kan bli handsama. Slik kan forvaltningsplanen også bidra til ei meir føreseieleg forvaltning av det marine verneområdet.

Forvaltningsplanen skal innehalde skildring av naturverdiane i Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, bruk av området, historikk og utarbeide retningsliner for handsaming av t.d. dispensasjonar. Det er viktig å presisere at ein forvaltningsplan ikkje skal opne for ny vurdering av [verneforskrift](#) eller [grensedraging](#), men skal utfylle forskrifta og vere ei rettleiar for å få til ein god forståing av ulike paragrafer, særleg på område der det må nyttast skjønn i forvaltninga. Om det er behov for skjøtels- og informasjonstiltak vil dette kunne være ein del av forvaltningsplanen.

Ein forvaltningsplan inneberer ikkje nye restriksjonar, men gjev retningsliner for kva som er lov og ikkje ut i frå ramma i verneforskrifta. Gjennom ein forvaltningsplan kan det ikkje bli gitt løyve til tiltak som er forbode i verneforskrifta. Likeins vil det som er gitt opning for i verneforskrifta ikkje bli



innskrenka gjennom forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen er i utgangspunktet ikkje eit juridisk bindande dokument.

### Fagleg grunnlag

Planarbeidet skal ta utgangspunktet i eksisterande kunnskap:

- Fagrapportar som vart lagt til grunn for verneforslaget
- Verneforslaget og kongeleg resolusjon
- Relevant forvaltningspraksis, som enkeltvedtak i miljøvedtaksregisteret
- Nyare dokumentasjon som måtte være tilgjengeleg
- Databasar som Naturbase, Vannett, med fleire

Om planarbeidet viser kunnskapsmangel kan planen beskrive behov for ny kartlegging.

Rådgivende Biologer (RB) har fått oppdraget med å bistå Statsforvaltaren i Vestland i arbeidet med utarbeidinga av planen. RB vil innhente informasjon som grunnlag for planen, delta på møte i høyringsperioden og førebu planen i det nye verktøyet for forvaltningsplanar, [FPNV](#). Vi håpar å ha ein ferdig forvaltningsplan i løpet av hausten 2022.

### Aktuelle brukarinteresser og tema

Nokre tema og brukarinteresser det kan vere aktuelt å vurdere i forvaltningsplanen:

- Forureining, utslepp og avrenning – Kva kjelder til forureining finst i dag og korleis påverkar dette verneverdiane? Er det behov for tiltak?
- Framande artar?
- Tekniske inngrep – Kva finst av kablar og andre tekniske inngrep, og er det behov for kartleggje sårbare område for eventuell handsaming av framtidige søknadar?
- Skjøtsel, overvaking, kartlegging – Er det behov for meir kunnskap for å sikre verneverdiane?
- Tilrettelegging og informasjon – Er det behov for tilrettelegging og informasjon om verneområdet?
- Andre tema kan også dukke opp i arbeidet.

### Medverknad og involvering

Lokal medverknad er viktig for å sikre at relevant bruk, behov for informasjon og eventuell tilrettelegging blir handsama i forvaltningsplanen. Vi ønsker derfor innspel til oppstartsmeldinga frå alle relevante parter. Innspel til oppstartsmeldinga kan sendast innan **15.mars** til:

Statsforvaltaren i Vestland,  
Njøsavegen 2,  
6863 Leikanger

Eller på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Kontaktperson hos Rådgivende biologer er Mette Eilertsen [mette@radgivende-biologer.no](mailto:mette@radgivende-biologer.no)

Kontaktperson hos Statsforvaltaren er Maria Knagenhjelm [maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no](mailto:maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no)

Dersom kommunane eller andre ønskjer møte i oppstartsfasen, ber vi dykk ta kontakt. Vi legg opp til eit møte i løpet av høyringsperioden, dersom det er interesse for det.

Den vedlagte adresselista viser kven som er mottakarar av oppstartsmeldinga. Den vert sendt til kommunane, andre styresmakter, organisasjonar og eventuelle næringsinteresser. Dersom de ser at



enkelte partar ikkje har blitt fanga opp ber vi om tilbakemelding. Vi ønskjer at alle relevante partar får sjansen til å komme med innspel. Melding om oppstart vil bli lagt på våre heimesider og annonsert i lokalavisa.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar, naturmangfald

Stein Byrkjeland  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Mottakarliste:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statens Naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Friluftsrådene Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
DUPONT NUTRITION NORGE AS	Postboks 223	1377	BILLINGSTAD
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
REGION NORDHORDLAND IKS	Kvassnesvegen 23	5914	ISDALSTØ
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO



Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD KOMMUNALT OPPGAVEFELLESKAP	Hellebakken 45	5039	BERGEN
NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE RENOVASJONSSELSKAP IKS	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
NESFOSSEN SMOLT AS	Lindåsvegen 1480	5956	HUNDVIN



Sabima	Mariboesh gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOE N
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
NORDHORDLAND DYKKERKLUBB	Postboks 49	5941	AUSTRHEIM
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
LYNGHEISENTERET	Lygra	5912	SEIM
Havforskningsinstitutt et	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Kommunal- og moderniseringsdepart ementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO